



Radøy kommune
Landbrukskontoret



Tiltaksstrategi for SMIL for perioden 2008-2010



1. Tidsrom

Tiltaksstrategien vil gjelde i perioden 2008-2010.

2. Andre aktuelle planer

I kommuneplanen, strategiske del, står det om jordbruk:

”Målet er å halde oppe driftsnivået for jordbruket i planperioden, stimulera til nyskaping og utvikling i næringa, samt halde på den kommunale tenesta og dei kommunale næringsstøtta på minst same nivå som i dag. Det å sikre jordbruk – og kulturlandskapsareala i kommunen i planperioden er eit viktig mål, samt handheva bu- og driveplikta strengt.”

I kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2004-2007, vedteke i kommunestyret 8 januar i sak KS-002/04, står det mellom anna:

”Skilting og vedlikehald av turstiar på Radøy må prioriterast.

Tiltak:

- *Stiane, gangvegane, grindene og gjerdeklyvene i dette området må haldast vedlike og utbedrast i nært samarbeid med grunneigarane i området. Der det er naudsynt, må stiane leggjast om slik at både turgåarar og grunneigare får betre tilhøve. Stiane og gangvegane må og merkast godt.*
- *Deler av kulturlandskapet her er trua av attgroing og forfall. Det vert difor eit viktig tiltak at ein gjennomfører ein del skjøtselstiltak i det grønne kulturlandskapet her. Samstundes er det viktig at nokre av dei mest inntakte kulturminne og verneverdige bygningane her vert restaurert.*

Beiterydding med påfølgjande husdyrbeiting i kulturmarka her er ein viktig del av kulturlandskapsarbeidet framover.”

Planen for kultur og idrett er i ferd med å reviderast, og ny plan vil snart vere vedteke. Det er inga store endringar for denne planen.

Det er laget et forslag til beitebruksplan for Radøy kommune. Målsetjinga er å ha områder kor det vert drive aktivt beiting slik at beitene ikkje gror att. Ein har laga ei liste over aktuelle område.

3. Tematiske prioriteringar av ordningar

Rydding av beite og gjerding: Framleis er det god søknad om tilskot til beiterydding, og den største delen av SMIL-midlane vert prioritert til gjerding og beiterydding. Det vert ikkje gitt tilskot til grensegjerde. Årsaka til at kommune har valt å prioritera gjerding og beiterydding, er at dette er til stor glede for ålmenta, både fordi kulturlandskapet vert vakkert, og beiterydding gir moglegheiter til å gå tur. Samstundes kan rydding av beite utløyse tilskot frå RMP-ordninga, når beitet har fått den kvaliteten som er naudsynt for å stetta dei krav som er sett for denne ordninga, og godt beite er viktig for drifta med drøvtyggjarar.

Tilrettelegging for ålmenta: Å gjere kulturlandskapet tilgjengeleg for ålmenta gjennom skilting og merking av stiar er viktig for trivselen på Radøy. Samstundes kan gardbrukaren styre ferdsel slik at det ikkje er til ulempe for drifta av areala eller at dyr vert unødig forstyrta. Nivået på tilskot til rydding og merking av stiar vert uendra. Med små teigar er gjerdeklyv viktig for å unngå at gjerde vert øydelagt. Røynsla viser at trongen for tilskot til gjerdeklyv ligg på ca 15.000 kr.

Restaurering av bygningar: I siste planperiode vart det gitt tilskot til restaurering av skjenefflorar, kvernhus og andre mindre kostnadskrevjande tiltak. Større restaureringsarbeid vart ikkje prioritert, av di den økonomiske ramma til kommunen ikkje ga rom for det.

Også i denne perioden vil restaureringar av bygningar verte prioritert lavere enn beiterydding, dersom den økonomiske ramma til kommunen ikkje aukar.

Kommunen ynskjer å starte eit prosjekt på bygningar som skal gå over fleire år. Utgangspunktet er å gå inn i eit heilt miljø, og gjere eit større arbeid. Eit naustmiljø kan vere eit naturleg val for eit slikt prosjekt, for å vise fiskarbonden. Røynsla viser at det hastar å ta vare på dei tradisjonelle naustmiljøa. Det vil bli utløyst ein konkurranse, kor dei miljø som er interessert kan lage ein prosjektsøknad om kva som skal gjerast, korleis restaurering skal gjerast og korleis ålmenta skal få tilgang på miljøet og den historia som ligg bak. At ålmenta skal ha tilgang på miljøet, er ikkje det samme som at ålmenta skal ha fri tilgang til alle naust. Korleis ålmenta skal ha glede av ei slik satsing, må dei ulike søkjarane gjere greie for. Det kan vere aktuelt å ta inngangspengar, dersom det vert laga museum osv. Eit restaureringsprosjekt skal ikkje vere til hinder for utnytte bygningane til næringsutvikling.

Det er politisk vilje til å sjå på ein samfinansiering for eit slikt restaureringsprosjekt mellom SMIL-midlane og kommunale midlar.

Grøfting: Det vert opna for å gi tilskot til oppattgrøfting i denne tiltaksperioden, samt restaurering av kanalar. Det vert sett som krav at det vert minimum vert lagt 100 meter grøft for kvar driftseining for å kunne søkje på midlane. Søknadene om tilskot til grønfting vert handsama etterskuddsvis. Før grønfta lukkast, skal landbrukskontoret ut å godkjenne grønfta, ta bildar osv. Årsaka til at søknad om dette tilskotet vert handsama etterskuddsvis, er at ikkje alt for mye av SMIL-midlane skal bindast opp til dette tiltaket, uten at tiltaket vert gjennomført. Landbrukskontoret skal godkjenne grønfteplanen før tiltaket vert sett i gang. Årsaka til dette er at planen skal støtte jordfaglege krav, i tillegg til at landbrukskontoret må gi eit samtykke på førehånd til at det vert gitt tilskot til tiltaket dersom det vert grønfta i høve til plan.

Hesjing: Det vert opna for tilskot til hesjing. Det vert sett som krav at hesja er minimum 40 meter. Søknaden om SMIL-midlar vert handsama neste år. Landbrukskontoret skal ut og kontrollere hesja og ta bilder, som grunnlag for søknaden.

Radøy kommune prioriterer aktive gardbrukarar i tildelinga av SMIL-midlane. Dersom ein eigedom er med i eit samarbeidstiltak saman med andre aktive gardbrukarar, vert denne prioritert som for aktive gardbrukarar. Dersom ein grunneigar som ikkje driv skal prioriterast til tilskot til beiterydding og gjerding, skal det ligge føre ein avtale om leige av jord med ein aktiv gardbrukar på minimum 10 år.

4. Geografiske prioriteringar

Radøy kommune ynskjer å prioritera geografisk i høve til etablert praksis. Anna kvart år vert halvparten av kommunen prioritert. Av di det er så avgrensa midlar innanfor ordninga og søknadsmassen er så stor, er dette ein grei metode å prioritera etter. Det er også akseptert blant gardbrukarane. Landbrukskontoret tek likevel imot søknader frå område som ikkje er prioritert det året, men handsamar den året etter.

5. Planlagd aktivitet for auka satsing/-søknadsmengde

Landbrukskontoret har delteke på møter i alle landbruksorganisasjonane og informert om SMIL-midlane. I tillegg har landbrukskontoret invitert alle aktive gardbrukarar til eit informasjonsmøte, i ein serie på 6 møter. Ein stad mellom 80-100 gradbrukarar møtte opp på disse møtene.

På nettsidene til kommunen er det lagt inn informasjon om midlane, med link til forskrift og søknadsskjema. Midlane vert annonsert i lokalavisane kvart år, om lag 14 dagar før søknadsfristen går ut.

I tillegg vert midlane marknadsført i møter med gardbrukarar og på gardsbesøk. Totalt sett er midlane godt kjend blant gardbrukarane i Radøy kommune.

Arbeidet med å informere om midlane vil fortsette på same måte som før, då Radøy har god søknadsmasse kvart år.

Tiltaksstrategien er laget som eit samarbeid mellom landbruksorganisasjonane og landbrukskontoret i Radøy, og såleis bidreg faglaga til å gjere ordninga kjend.

6. Tilskotssats

Tilskotssatsen vert sett til 50 % av godkjend kostnadsoverslag. For større fellestiltak til gjerdning vert det opna for å auke tilskotssatsen til 60 % av godkjend kostnadsoverslag.

Tilskot til grøfting ver gitt i høve til tal meter grøft. Satsen vert sett til 15 kr/m tilskot for slegegrøft og 25 kr/m for samlegrøft.

Tilskot til hesjing vert gitt i høve til tal meter hesja. Det vert sett krav om at hesja skal vere minimum 40 meter. Det vert gitt eit tilskot på 25 kr for kvar løpemeter hesje. Det kan maksimalt løyvast 5000 kr til kvar driftseining for dette tiltaket.

7. Forventa trong for økonomiske virkemiddel

I Radøy kommune kjem det inn om lag 30 søknader om SMIL-midlar kvart år. Kostnadsoverslaget for tiltaka er i overkant av 2 millionar kroner.

Under er det sett opp forventa trong for midlar til tilskot delt på ulike tiltak. Dette er samstundes den sum Radøy kommune søkjer om som ramme for SMIL-midlar.

	2008	2009	2010
Rydding av beite/gamal kulturmark, gjerding, beitebruksplan	430000	430000	430000
Rydding og merking av stiar	50000	50000	50000
Skjeneflor	20000	20000	20000
Gjerdeklyv	15000	15000	15000
Grøfting	20000	20000	20000
Hesjing	10000	20000	20000
Restaurering av verneverdige florar/hus (Prosjekt)	250000	250000	250000
SUM TILSKOTT	785000	785000	785000